

Konsekvensvurdering av nye arealformål i kommuneplanen 2010-2020

For alle kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging, skal det i følgje plan og bygningslova § 4-2, utarbeidas ei særskilt vurdering og skildring av planen sine konsekvensar (KU) for miljø, naturressursar og samfunn.

Arealdelen til kommuneplanen er på overordna nivå. Konsekvensutgreiinga byggjer på ny landsskapsanalyse samt allereie føreliggjande og registrert kunnskap. Ved utarbeiding av område- og detalj regulering, vil det vere behov for innhenting av ny kunnskap dersom verknad av aktuelle tiltak ikkje er kjent. Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i innspel til rulleringa, også kommunen sine eigne forslag.

Plangrensene vert sett etter ein samla vurdering av konsekvensutgreiinga og ROS analysen. Plangrensene som vert tatt med i arealdelen følger nødvendigvis ikkje innspela, men kan vere andre alternative grenser etter ei samla vurdering. Føremålet med arbeidet er ein redusering av negative konsekvensar og faremoment.

INNLEIING

Sund kommune har mottatt om lag 140 innspel frå innbyggjarane i kommunen. Dei fleste innspela er komen inn til kommunen i postmottaket, men det er også komen innspel inn på opne kontordagar.

For nokon av innspela har heile innspelet vert positivt imøtekomen og har i si heilskap vore lagt inn i kommuneplanen. For mange av innspela er delar av innhaldet blitt positivt imøtekomen og vert lagt på høyring. Døme på dette er for eksempel på Kleppe (innspel nr. 112) der innspelet var å legge ut eit areal på omlag 26daa til bustad. Etter vurdering vart det eksisterande LNF område for spreidd utbygging utvida med om lag 10daa.

Det er om lag seksti innspel som har ført til endringar av kommuneplanen og som vert sendt på høyring. Sju innspel har ført til merknadar som kommunen vil jobbe vidare med utan at det er nødvendig å endre på arealkategoriar. Dette gjeld til dømes der konklusjonen i arbeidsgruppa har vore at kommunen vil vere positiv til tilrettelegging av badeplass, men der arealkategorien i gjeldande kommuneplanen ikkje vert endra.

I tillegg til endringar i planen på bakgrunn av innspel, har kommunen gjort endringar av LNF områder for spreidd bustadbygging, justeringar av naustområda, justering av funksjonell strandsone og justering av det som tidlegare var kjerneområde landbruk, men som no vert omsynssone landbruk.

Det er lagt inn nye omsynssoner i kommuneplanen. Sund kommune kan legge inn følgjande omsynssonar: *Omsyn landbruk, omsyn reindrift, omsyn friluftsliv, omsyn grønstruktur, omsyn landskap, bevaring naturmiljø, bevaring kulturmiljø, område til nasjonalpark/ landskapsvernområde*. Av dette har kommunen foreslått å legge inn omsynssone for landbruk, -friluftsliv, - grønstruktur, landskap, - og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.

METODE

I første fase av planarbeidet vart planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet vart vedtatt i kommunestyret. Etter kunngjering av oppstart og utarbeiding av planforslag satt avdeling for areal saman ein presentasjon til grendamøta. Presentasjonen vart meint å informere om kommuneplanarbeidet, sei noko om grunnlag for vurderingar og oppfordre til deltaking i form av å kommune med innspel til planen. Kommunen haldt møte i kvar grend, og oppmøte var bra.

Nokre innspel vart notert på møte dagane, men det vart også informert om at kommunen ville halde opne kontordagar der innbyggjarane kunne komme med sine innspel. I løpet av dei opne kontordagane fekk kommunen inn om lag 24 innspel.

I tillegg til innspel på opne kontordagar fekk kommunen inn om lag 120 innspel til postmottak.

Plangruppa (arbeidsgruppa) bestod av 3 politikarar og 3 frå administrasjonen. Det har under alle arbeidsmøta vore ein representant for barn og unge med i arbeidet. Sund kommune fekk utarbeida ein landskapsanalyse frå konsulent firma, Asplan Viak AS. Deretter vart det gjennomført synfaringar på alle innspela. Arbeidsgruppa utarbeida i tillegg eit skjema der all tilgjengeleg data vart lagt til grunn for ein grundig vurdering av innspela. Etter synfaring og med landskapsanalysen og sjekkliste-skjema som grunnlag, vart alle innspela gjennomgått av i arbeidsgruppa. Fleire møtedagar vart brukt til dette arbeidet.

Det vart skrevet ein eigen planomtale over næringsområda. Deretter vart det utarbeida ROS analyse og KU over alle innspel som kjem som forslag i ny kommuneplan.

Strategiar for framtidig arealbruk og kriterium for vurderingane

Alle nye innspel er vurdert etter ei sjekkliste (sjå tabell). Der det totalt sett er flest negative effektar med innspelet eller der dei negative effekten er sett på som klart høgre enn fordelen med innspelet, er innspelet forkasta. Dei innspela som klart har ein fordel for allmenta, utan at det får store konsekvensar for dei omsyn ein skal ta (sjekklista) er foreslått tatt med i ny plan. Nokre innspel kan ha ført til omdefinering av arealkategoriar. Dette kan vere areal som vert omdefinert slik at det speglar dagens bruk av areala. For eksempel kan dette vere omdefinering av LNF område til bustadareal i område der det ligg eksisterande bustadar med hage i eit LNF område. Det finnes også nokon areal som har negativ effektar for miljø og naturressursar, men som har positiv effekt for samfunnet. Etter ein samla vurdering vert nokon av desse lagt inn som forslag til nye bruksareal. Dette gjeld for eksempel nokre næringsområde.

Landskapsanalyse:

Sund kommune har fått utført landskapsanalyse for heile kommunen. Dei overordna landskapstrekka og terrengform er registrert for heile kommune. Deretter vert grändene kartlagt med tanke på terreng, landskapsrom, vegetasjon og grønstruktur. Til slutt ligg det føre ein oppsummering med tilrådingar for kvar gränd.

Naturmangfaldslova

Forvaltningsmålet i Naturmangfaldslova er at mangfaldet av naturtypar vert teken vare på innafor deira naturlege utbreiingsområde og med artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtype. For å nå dette målet er det mellom anna set krav om at offentlege avgjører som råkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader, jf § 8. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter.

Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadane ei avgjerd kan ha for naturmiljøet skal føre-var-prinsippet leggast til grunn, jf § 9, for å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet.

Kva verknader tiltak kan få på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for jf § 10.

I kartlegginga av naturmangfaldet i områda der det er føreslått arealbruksendringar er det blitt brukt Naturbase (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>), innsynsløysinga frå Direktoratet for Naturforvaltning (DN). Ved hjelp av naturbase er det blitt undersøkt følgjande tema innan biologisk mangfald:

- Nasjonalt, regionalt og lokalt viktige naturtypar
- områder verna etter naturmangfaldlova av 2009
- områder verna etter naturvernlova av 1970

- enkeltobjekt og område verna etter lov om naturvern av 1954 (ny lov i 1970) eller freda etter lov om naturfredning av 1910 (ny lov i 1954)
- biotopvern etter viltloven av 1981
- Utvalte naturtypar er i denne samanheng definert etter DN-handbok 13-1999 (revidert utgåve 2007).

For å kartlegge førekomsten av raudlisteartar i områda er det nytt Artsdatabankens kartteneste Artskart (<http://artskart.artsdatabanken.no/>).

Sensitiv informasjon om til dømes rovfuglreir som av sikkerheitsmessige orsakar ikkje er tilgjengeleg på offentlege karttenester er blitt innhenta av administrasjonen.

Kartlegging av vilt

Til kartlegging av viltførekomsten i områda er Fylkesmannen sin rapport MVA-rapport 1/2006 ”Viltkartlegging i Sund” utført av Sund kommune og Fylkesmannen brukt.

I tillegg har ein nyttat databasen <http://www.artsobservasjoner.no/> frå Artsdatabanken. For å innhente informasjon om førekomsten av raudlisteartar i områda er det blitt brukt tenesta ”Artskart 1.5” frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av Ingerid Bjørkevoll (1998) og fylkesmannen i Hordaland (2002-2003). Følgjande informasjonskjelder er nyttat:

- Eldre opplysningar frå fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Intervju med ansvarlege for hjortevald og andre personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar
- Gamle viltkart
- Litteratur
- Feltregistreringar (to dagar synfaring)

Artslista er utarbeidd av fylkesmannen på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Ein stor del av opplysningane om fugl er funne ved gjennomgang av *Krompen*, Norsk Ornitoligisk Foreining sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

Raudlisteartar

For å henta informasjon om vernestatusen til enkelte raudlisteartar som er blitt observert i områda, er det brukt Artsdatabanken sin database ”Raudlistebasen for arter”.

Det er blitt undersøkt om det finst artar i områda som er oppført i ”Norsk Rødliste 2010”. Raudlisteartar er i denne konsekvensutgreiinga definert som artar som er klassifisert i kategoriene EX (utdøyd), EW (utdøyd i vill tilstand), RE (regionalt utdøyd), CR (kritisk trua), EN (sterkt trua), VU (sårbar) og NT (nær trua). Artar i dei øvrige kategoriene LC, NE og NA er ikkje oppført i utgreiinga.

Viktige naturtypar

I tillegg til naturbasen er rapporten ”Viktige naturtypar i Sund” nytta. Rapporten som er utført av Miljøfaglig utredning as i 2007, er blitt brukt for å kartlegge forekomsten av viktige/verdifulle naturtypar i områda.

Rapport med metodebeskriving er under produksjon.

Kjent kunnskap og temakart:

Det ligg føre ein del kjent kunnskap og temakart som er tatt i bruk under vurderingane av innspela. Vi i tillegg til Naturbaseregistreringar for vurdering av omsynet til landskap, kulturlandskap (naturverdi) og biologisk mangfald med vilttrokk, nytta Askeladden for vurdering opp mot kulturminnar. Vi har også utarbeida eigne temakart som er lagt til grunn. Vi har frå eksisterande kommuneplan registrert kjerneområde landbruk der dei viktigaste landbruksareala er kartfesta. Det er utarbeida temakart der omsynsområda for kulturminne og kulturlandskap er lagt inn. Også turstiar i delar av kommunen er registrert. Skredkart og varsemedskart for steinsprang er utarbeida av NGU og gjev eit godt bilet av skredfare på oversiktsnivå. Ein har og samla inn tilgjengeleg materiale om flaum.. I KU har lokalkunnskap og kotehøgde vore nytta for å avdekke flaumfare.

Ut i frå landskapsanalysen, kjente kunnskapen og temakarta som er tilgjengeleg, har kommunen utarbeida ei sjekkliste som har vore nytta under vurdering av alle innspela.

	Deltema	Temavurdering	Grunngjeving	Utgreiing
1.0 Infrastruktur				
Nærleik til handel, næring				
Senterutvikling				
Fortetting i byggesoner				
Kollektivdekn. boligområder				
Miljørevisjon eldre reg. planer				
Vass				
Avløp				
Framtidig vegtrasé				
2.0 Landbruk				
Omsynsone landbruk				
Kjemeområder (A)				
LNF				
3.0 Barn og unge				
"Barnetråkk-registrering"				
Leik, oppholdsrom				
Trygg skuleveg - Gang og sykkelveg				
Viktige interesser for barn og unge				
4.0 Samfunnssikkerhet/Klima				
ROS - Menneskeskapte risikio				
ROS - Naturbaserte risiko				
5.0 Støy og annen forurensning				
Støysoner - belastede veier				
Støysoner - helikopter trafikk				
Støysoner – pukkv., skyteb, motocross,				
Andre vesentlige støykilder				
Forurenset grunn, sedimenter				
6.0 Trafikk				
Avkjørsler				
Byggegrenser				
Tiltak på veinett - vegnormal				
7.0 Biologisk mangfold				
Naturvernområder				
Prioriterte naturtyper				
Viltområder				
Rødlisterarter				
Naturbasen				
8.0 Kulturminner				
Fredede miljø, bygg og andre				
Vernede miljø, bygg og andre				
Nyere tids / k. minner i utmark				
Eldre bygg - SEFRAK				
Askeladden				
9.0 Friluftsliv, idrett				
Sikrede friluftsområder				
Viktige turområder (i LNF)				
Lokalt viktige rekreasjonsområde				
Lokal Badeplass / Fiskeplass				
10.0 Landskap				
Nasjonalt verneverdig kulturlandskap				
Landskapsområder – annen registrering				
Landskapspark				
Grøne korridorar				
Kulturlandkap				
Utemark				
Nordsjøløypa				
11.0 Kystsone				
Funksjonell strandsone				
100 meters belte				
12.0 Tilgjengelighet				
Krav til tilgjengelighet				
Universell utforming				

(Sjekkliste for vurdering av innspel)

Skildring av dei viktigaste endringane i arealdelen

(Overordna konsekvensutgreiing)

SENTERSTRUKTUR

Senterstrukturen er forankra i kommunedelplanen for Skogskifte og innarbeida i gjeldande Kommuneplan. Uavhengig av utbyggingsfordeling representerer senterstrukturen den viktigaste og mest styrande strategien for framtidig arealbruk i arealplanlegginga i Sund.

Verknad for miljø:

Ved at hovuddelen av kommunalteknisk infrastruktur, service- og aktivitetstilbod har sitt tyngdepunkt i lokalsenteret bidrar senterstrukturen til at transportbehov og energiforbruk vert avgrensa. Avgrensing av spreidd utbygging har positiv konsekvens for bruk av private transportmidlar med utslipp.

Verknad for naturressursar:

Når hovuddelen av utbygginga styres til eit lokalsenter, vert samtidig andre meir perifert områder beskytta mot utbygging og omprioritering. Senterstrukturen bidrar til effektivt vern av ubygde områder og naturressursar, og må derfor vurderast som ein positiv konsekvens.

Verknad for samfunn:

Senterstrukturen forsterkar kommunens mulighet til å yte nødvendige og lovpålagte tenester overfor innbyggjarar og andre brukarar på en effektiv og økonomisk forsvarlig måte. Senterstrukturen gir muligkeit til vekst ved utbygging i lokalsentra, samtidig som eksisterande grender gis anledning til noko vedlikehaldsutbygning. Dette styrker den tradisjonelle utbyggings- og samfunnstrukturen i Sund innanfor gitte grensar. Konsekvensane for samfunn vurderast som positive.

BUSTADAREAL

Mange nye byggeområde for bustad har vore vurdert. Det er foreslått å leggje inn om lag 324 daa nye byggeområde i kommunen. Ved val av dei areal vi har lagt inn som forslag til ny kommuneplan har vi mellom anna lagt vekt på landskapsanalysen og eksponeringsgraden. I tillegg har fortetting, arealutnytting og infrastruktur vore vurdert. Ein har i stor grad forsøkt å unngå å punktere landskapet ved legge inn nye byggeområde lang frå anna bygd areal og infrastruktur. Ein del områder som ligg i gjeldande kommuneplan som byggeområde for bustad er ikkje tatt i bruk. Sund kommune har ikkje foreslått fjerning av eksisterande bustadareal i ny plan.

Om lag 324 daa er foreslått lagt inn i kommande planperiode som nye områder for bustadbygging.

Verknad for miljø:

Miljøomsyn er premissgivande for endring og utveljing av alle typar bustadområde. Utbyggingspotensialet for bustadareal har arealmessig auka i forhold til gjeldande kommuneplan. Det er i tillegg sett fokus på økt fortetting, slik at utbyggingspotensialet i forhold til tall bustadar i kommunen også vert auka. Krav til utforming av bustader utanfor regulerte bustadfelt vil gi betre byggeskikk og redusere konfliktgrunnlaget. Auka fokus på fortetting og senterstruktur bidrar til redusert transportbehov. Ein har tatt omsyn til behovet for bustadfelt i grendene. Alle nye bustadareal er vurdert etter sjekklista. Landskapsanalysen med eksponeringsgrad og miljøomsyn har vore i fokus ved utveljing. Miljøomsyna er på bakgrunn av dette vurdert som positive.

Verknad for naturressursar:

Naturressursar, spesielt dyrka mark og områder i 100-m-beltet er premissgivande for endring eller utveljing av nye bustadområde. Jordvernet er styrka i føreliggjande planforslag og omsyn til jordvernet er vektlagt sterkare enn i førre plan. Inga av dei foreslått nye bustadareal går over dyrka mark. Verknadane for naturressursar når det gjeld forslag til endringar må derfor vurderast som nøytrale.

Verknad for samfunn:

Vi har lagt inn nye bustadområde. Vi har også i kommunedelplanen for Skogsvågen og i ny kommuneplan lagt vekt på fortetting og transformasjon, slik at utbyggingspotensialet vert auka. Dette vurderast å ha positiv samfunnseffekt.

LNF OMRÅDE FOR SPREIDD BUSTADBYGGING

Det er foreslått å leggje inn 122 daa nytt LNF område for spreidd bustadbygging. I tillegg er ein del LNF område for spreidd bustadbygging avgrensa eller foreslått erstatta av LNF område. Dette gjeld primært områder som ligg i 100-metersbeltet og/eller i omsynssone for landbruk, med dyrka/dyrkbar mark. Erfaring viser at der det er brukt arealkategorien LNF med spreidd bustadbygging i 100meters belte eller saman med omsynssone landbruk ofte oppstår konflikt. Ved å skilje desse vert planen meir forutsigbar. Omdefineringane er grunngjeve med redusering av konflikt i høve til tilgjenge for ålmenta, områda er sårbare på grunn av eksponering i landskapet og/eller mot sjø og jordvernsomsyn. I dei områda som er eigna til bygging, vert LNF område for spreidd bustadbygging liggande, mens funksjonell strandsone vert justert og sett som ny byggelinje nedanfor.

Det er foreslått å leggje inn 122 daa nye LNF område for spreidd bustadbygging i ny plan.

Om lag 2400 daa LNF område for spreidd bustadbygging i gjeldande plan er foreslått endra til LNF.

Verknad for miljø:

Miljøomsyn og områder i 100-m-beltet er premissgivande for endring og utveljing av alle typar bustadområde også LNF område for spreidd bustadbygging. Utbyggingspotensialet i LNF område for spreidd utbygging er arealmessig redusert i forhold til gjeldande kommuneplan. Samtidig er det sett fokus på økt fortetting og transformasjon, slik at utbyggingspotensialet i forhold til tall bustadar i kommunen ikkje vert reduserast for mykje. Krav til utforming av bustader utanfor regulerte bustadfelt vil gi betre bygeskikk og redusere konflikt grunnlaget. Økt fokus på fortetting og senterstruktur bidrar til redusert transportbehov. Det er lagt stor vekt på tilgjenge for ålmenta og omsyn til sårbart landskap. Endringane er vurdert som positive for miljøet.

Verknad for naturressursar:

Naturressursar, spesielt dyrka mark er premissgivande for dei endringar som er gjort i LNF område for spreidd utbygging. Jordvernet er styrka i føreliggjande planforslag og omsyn til jordvernet er vektlagt sterkare enn i førre plan. På bakgrunn av dei endringane som er gjort må verknadane for naturressursar vurderast som positive.

Verknad for samfunn:

Utbyggingspotensialet er arealmessig noko redusert i forhold til gjeldande kommuneplan, samtidig har vi i kommunedelplanen for Skogsvågen og i ny kommuneplan lagt vekt på fortetting og transformasjon, slik at utbyggingspotensialet ikkje er vesentleg endra. Ivaretaking av grønstruktur og allmentas interesser i strandsona bidrar til auka trivsel i grendene. Totalt sett vurderast endringane å ha positiv samfunnseffekt.

EKSISTERANDE OG NYE OMRÅDAR FOR FRITIDSBUGTADAR

Det er berre lagt inn eit nytt område for fritidsbustadar. Dette er på Lerøy og er om lag 1 daa.

Verknad for miljø:

I tillegg til miljø vurderingar etter sjekk liste er eksponeringsgrad vurdert saman med høgdedata når vi har endra arealføremål frå bustad til kombinasjonsområde bustad og fritidsbustad, og når vi har lagt inn nytt kombinasjonsområde. Det er ikkje lagt inn forslag til fleire "reine" fritidsområde. Restriksjonar i forhold til nye fritidsområde beskyttar mot inngrep i naturen. Det eine kombinasjonsområde som er foreslått lagt inn er vurdert ut i frå konkrete miljøomsyn gjennom sjekklista. Verknad for miljø vurderast å være positiv.

Verknaden for naturressursar:

Forbod mot nye hytter i ubygde områder, klare avgrensingar for eksisterande hytter og ingen forslag til nye "reine" fritidsområde beskyttar landskap og naturressursar mot ytterligare inngrep. Det eine kombinasjonsområde som er foreslått lagt inn er vurdert ut i frå omsyn til dyrka/dyrkbar mark. Verknaden av for naturressursar er sett på som positive.

Verknaden for samfunn:

Prinsippa for å ivareta av eksisterande fritidsbebyggelse legger til rette for at eigarar og andre brukarar kan fortsette å bruke bebyggelsen i same omfang som tidligare, og til dels i større omfang enn før. Fritidsbebuarane bidreg til fortsett samfunnsutvikling i Sund. Mellom anna ved å styrke grunnlaget for næringslivet generelt. Dette har positive konsekvensar for servicetilbodet i kommunen gjennom heile året.


Samstundes har fritidsbebuarane same rettigheitar til mellom anna helseytингar som den fastbuande, utan at dette vert kompensert ved inntekter til kommunen. Samla verknad for samfunn vert vurdert som nøytral.

Verknaden for folkehelse


Bruk av hytter og fritidsbustadar må reknast for å ha positiv folkehelseeffekt for eigarane og andre brukarar. Samtidig kan bruk og utbygging av fritidsbustadar fortrenge allmentas tilgang til dei same områda. Med de avgrensingar som er gitt i 100m-beltet er det sikra at nye områder ikkje byggast ytterligare ned og dermed hindrar allmentas interesser og folkehelseaspektet i allmentas tilgang til frilufts- og strandområda. Samla verknad for folkehelse vert vurdert som nøytral.

EKSISTERANDE OG NYE NAUST OMråDER

Lengda på sjøareala for naust er ikkje vesentleg endra. Det er fyst og fremst område oppover på land som er endra. Der eigedomsgrensa for naustparsellen er kjent er dessa nytta som grenser for naustareal.



(Naustområde i gjeldande plan)



(Justering av naustområde i ny plan)

Justeringane av naustareala har ført til ein reduksjon på om lag 42daa.

Inkludert i tillegg har vi lagt inn 16 nye naustområdar på om lag 21 daa til saman. I ny kommuneplan vert 20 naustareal lagt inn i kommuneplanen med kategorien "andre typar bebyggelse og anlegg med krav om regulering", og 39 av naustareala er i kommuneplanen lagt inn som "LNFR areal for spreidd bustad- fritids- eller næringsbebyggelse o.a.". Det er lagt inn krav til parkering på alle nye naustområde?

Verknad for miljø og verknad for naturressursar:

Forbod mot bygging av naust lagt opp på land i ubygde områder samt klare avgrensingar for eksisterande naust beskyttar miljø, landskap og naturressursar mot ytterligare inngrep. Verknaden av reduksjon av naustareala på land er positivt både for miljø og naturressursar. Det er lagt inne 14 nye naustareal, desse er tilpassa terreng og lagt inn etter miljø vurderingar gjennom sjekklista og på bakgrunn av innspeil frå innbyggjarane. Totalt er verknaden for miljø og for naturressursar vurdert som nøytral.

Verknaden for samfunn og folkehelse:

Prinsippa for å ivareta av eksisterande naustareal ved sjøen og å leggje til rette for at eigarar og andre brukarar kan fortsette å bruke sine naust i same omfang som tidligare, og til dels i større omfang enn før gjer auka trivsel i glandene. Samstundes kan nye områder for naust hindre allmentas interesser og folkehelseaspektet i allmentas tilgang til frilufts- og strand områder. Samla verknad for samfunn og folkehelse vert vurdert som nøytral.

OMRÅDER FOR OFFENTLIG TENESTEYTING

Det er satt av eit nytt områder for skule på Spilde/Kausland på 68daa, utviding av gravplass på Kausland på 7 daa, og utviding av eksisterande gravplass i Klokkarvik på om lag 10 daa.

Verknad for miljø og naturressursar:

Når det gjeld det nye skuleområde vert ikkje dyrka/dyrkbar mark råka. Miljøomsyna etter sjekklista er og vurdert utan at det er funnet konflikt med omsyna ein skal ta. Nedbygging i urørt landskap har alltid ein viss miljøpåverknad men det er her ikkje funne klare negative effektar. For skuleområde er derfor verknaden for miljø og naturressursar vurdert som nøytralt. Når det gjed utviding av gravplassar vil dette påverke dyrka og dyrkbar mark. Konsekvensen av å omdefinere dyrkamark til gravplass er likevel mindre enn om område skulle brukast til for eksempel bustadbygging eller industri. Tilbakeføring av jordareala vil på lang sikt vere mogleg. Konsekvensen for naturressursar når det gjeld gravplass er likevel vurdert som negativt.

Verknad for samfunn og folkehelse:

Forslag om nytt skuleområde er lagt sentralt ved offentleg veg, i grensa til bustadområde og nærhet til butikken i Kårevik. Dette vil å styrke grenda, auke trivsel og tilby kortreist veg for skulebarn. Den streke veksten i Sund kommune forventast å holde fram. Det er derfor av stor betydning at kommunalt tenestetilbod vert oppretthaldt, og at ein har tilstrekkelige areal for utviding, i riktige områdar. Konsekvensen for samfunn og folkehelse vurderast å vere positiv.

OMRÅDE FOR PRIVAT TENESTEYTING – ELDREBUSTAD

Det er foreslått å leggje inn eit areal i Telavåg på om lag 5 daa til eldrebustadar.

Verknaden for miljø og naturressursar:

Området der det er foreslått ny eldrebustad vert lagt over eit stykke dyrka/dyrkbar mark. Konsekvensen for naturressursar vurderast å vere negativt. Eldrebustaden er meint for grendefolket og ein kan ikkje sjå at tilbodet fører med seg auka transportbehov og energiforbruk i høve til at dei eldre bur i eigne bustadar spreidd i bygda. Konsekvensen for miljøet er derfor vurdert som nøytralt.

Verknad for samfunn og folkehelse:

Samla tenester i dei store glandene gir dei eldre ein moglegheit til å få bli buande i sitt eige nærområde. Eit slikt tilbod vil vere positivt for dei eldre og for dei familiemedlemmene og vennane som bur i glanda. Tilbodet vil styrke glanda og auke trivsel. Konsekvensen for samfunn og folkehelse vurderast å vere positiv.

SMÅBÅTHAMNER

Eksisterande fellesbrygger med mindre enn 10 båtar er vist med status som småbåthamn i kommuneplanen.

Kartlegging av friluftsområde i sjø, kaste- og låss- settingsplasser, regionalt og nasjonalt verneverdig natur som ålegresseng og bløtbunnsområde vert gjeldande som før. Desse områda har fungert styrande for nye vurderingar vedkommande bruk og vern av sjøområda.

Verknadar for miljø

Kommuneplanen er basert på kunnskap om naturverdiar i sjøområda som har vore tilgjengelig. Ved nøyaktig og samanhengande kystsoneplanlegging reduserast tilfeldig og planlaus bygging, og inngrep og utvidingar styres til områder som tåler det. Konsekvensane for miljø vurderast å vere positive.

Verknaden for naturressursar

Dei mest sårbare områda vert mot inngrep, og det styres kvar inngrep skal skje. Konsekvensane for naturressursar vurderast å være positive.

Verknad for samfunn

Tilgang til båtplass og naust er vurdert som positivt for lokalbefolkinga. I eit øysamfunn som her i Sund er tilgang til sjø, fiske og båtliv noko som er vurdert hos mange som ein allmenn rett. Småbåthamner er mindre arealkrevjande enn naustplassar og ved å konsentrere småbåthamner i dei ulike gredane opnar vi for at fleire får same muligheita. Konsentrasjon av småbåthamner i staden for tilrettelegging av nye naustområdar er vurdert som positivt for samfunnet og for sjøområda.

OMSYNNSSONAR

På Lerøy er det lagt inn eit område på om lag 199 daa som omsynssone for friluftsliv Børnestangen og Pidnaneset er også nye friluftsområde med omsynssone i kartet.

Regionalt og nasjonalt viktige områder for biologisk mangfald og sjøfuglreservat er lagt inn i plankartet. Naturbaseregistreringane ligg som eige temakart.

Kulturminne og kulturlandskap er ivaretaken ved utarbeiding av eit hefte der viktige kulturminne og kulturlandskap er lista opp. Heftet vert vedlagt kommuneplanen. Områda i dette heftet vert lagt inn som omsynssoner i kommuneplanen og det vert knytt føreseggn til desse.

Viktige landskapsverdiar er også ivaretaken ved hjelp av i 100m-beltet langs sjø og byggegrense mot sjø. Norsjøløypa og andre turstiar er ivaretaken og ligg som eige temakart.

Verknaden for miljø og naturressursar

Innarbeiding i kommuneplanens arealdel medfører en synliggjøring av verneverdiar, og eit meir effektivt vern. Konsekvensen vurderast å være gjennomgåande positiv for miljø og naturressursar.

Verknaden for samfunn

Synleggjering av desse områda bidrar til større grad av forutsigbarhet ved saksbehandling i sårbare områder og underletting av kommunal saksbehandling. Konsekvensen blir færre feil og større grad av sikkerheit for mellom anna bevaringsverdig natur, biologisk mangfald, historiske verdiar, kulturminne og landskapsverdiar.


Verknaden for folkehelse

Verknaden for helse er indirekte positive i det et effektivt vern av naturmiljø, kulturminne og kulturlandskap kan ha langsiktig positiv effekt for friluftsliv og folkehelse.

NÆRING – REISELIV

Eksisterande industri / næringsområde har litra utvidingskapasitet, og som følgje av dette er det lagt inn forslag om 8 nye industri område i kommuneplanens arealdel. Konsekvensar for nye næringsareal er omtale for seg sjølv og vert lagt tilgjengeleg på nettsida til kommunen.

SENTRUMSOMRÅDE



Kommunedelplanen for Skogskifte

Kommunedelplanen for skogskifte vert sendt på høyring for andre gong samstundes som rullering av ny kommuneplan er ute på høyring. Kommunedelplanen for Skogskifte vert innarbeidd i ny kommuneplan. Alle innspel som kom i forbindelse med rullering av kommuneplanen, og som er i tråd med kommunedelplanen for Skogsskiftet er dermed innarbeidd i ny plan.

OMRÅDE FOR BUSTADBYGGING

- ❖ Det er lagt inn forslag om 13 nye bustadareal i kommuneplanen. Dette utgjer om lag 294 daa meir bustadareal i kommande planperiode.
- ❖ Det er også foreslått å utvide eit bustadområde på Lerøy rundt eit eksisterande hyttefelt.
- ❖ På Forland har vi tatt ut om lag 45 daa bustadareal på austsida av ungdomsskulen. Dette er lagt inn som nytt areal med om lag 50 daa ned mot Austefjorden.

PRESENTASJON AV NYE OMRÅDER FOR BUSTADBYGGING

Gardsnummer og områdenavn	Framtidige	Namn
	daa	
1 Tyssøy	27	B2
4 Lerøy	27	B3
11 Førdestraumen	45	B4
14 Kleppe	4	B5
15 Forland	50	B6
23 Tofterå	16	B8
32, 33 Glesnes	32,7	B10
36 Selstø	41	B11
36 Selstø	2,5	B12
42 Kårevik	49	B13
TOTALT AREAL	294,2	



B2 Tyssøy, om lag 7 daa.

Noverande arealbruk:

LNF område for spreidd bustadbygging

Framtidig arealbruk:

Bustadområde

Områdeskildring:

Område ligg på eit høgdedrag ved eit friluftsområde. Det er i gjengroingsfase med vegetasjon og kratt, men også lynghei og beitegras.

Vurdering:

Når det gjeld friluftsliv er det uheldig å flytte inngangsporten til eit friområde ved å legge til rette for bustadar. Nytt byggefelt vil føre til inngrep i landskap og kulturlandskap, og kome i konflikt med beiteområde. I denne saka er prosessen likevel kome langt, og arbeidsgruppa foreslår å legge bustadområde ut på høyring.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 7 daa og er eit relativt lite område. Arealet består av lyng og beitegras, men er prega av gjengroing. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk gjennom området. Vi vurderer det slik at området er så lite at det vil bli etablert ny trase langs feltet.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Friluftsområde, beiteland.



B3, Lerøy, om lag 27 daa.

Noverande arealbruk:

LNF, Fritidsbustad og bustadområde.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde og fritidsområde.

Områdeskildring:

Vurdering:

På Lerøy er det interesser for både bustadar og fritidsbustadar. Vi legg inn eit nytt bustadområde her. Ut i frå omsyn til landskap bør grensa leggast vekk frå toppen i sør. Vi legg derfor grensa meir

naturleg i inn i terrenget. Så lenge vi held oss fint inne i terrenget kan vi ta med eit større område mot eksisterande felt. Vi tar vekk litt av det område som går mot nord og trekkjer områda meir saman. Det vert det krav om regulering med mellom anna krav om volum, terreng tilpassing, kotehøgde og føresegn.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 27 daa. Arealet består av lyng og kratt. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit viktig viltområde for fugl her og området dekker heile Lerøy. Området som vert lagt ut til bustadbygging er relativt lite og grensar til eksisterande bustad/fritidsbustadområde. Tiltaket har etter vår vurdering liten konsekvens for viltområdet.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen.



B4, Førdestraumen, om lag 45 daa.

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde.

Områdeskildring:

Område består av noko skog, lyng og kratt.

Vurdering:

Dette er i tråd med kva kommuneplanen legg opp til. God tilgang til eksisterande infrastruktur. Nedste del avfeltet er upproblematiske i høve til landskap. Lite eksponering. Område ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Det må leggjast ned ein øvre grense for tilte bygging. Det må takast omsyn til topografi under regulering. Også det bustadområde som ligg inne i gjeldande

kommuneplan litt lenger mot sør – øst må vere tilpassa landskapet, også dette må bort frå øvste platå. På reguleringsplan må vi mellom anna stille krav om at turvegar vert ivaretaken. Forslag til byggegrense på kote 50.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 45 daa. Arealet består av skog, lyng og kratt. Det er ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalde naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen.



B5, Kleppe, om lag 4,4 daa.

Noverande arealbruk:

LNF.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde.

Områdeskildring:

Kupert. Litt skog og en del berg i dagen med skrinn jord.

Vurdering:

Bustadområde på om lag 4,4 daa kjem som tillegg til eksisterande bustadområde. Dette arealet vil dele grense med eksisterande bustadområde og er ikkje i konflikt med

naturbaseregistreringar eller med sefrak registreringar. Område ligg ved veg og nær eksisterande infrastruktur.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Det nye bustadområdet er på om lag 4,4 daa og er eit lite område. Arealet består av litt skog, ein del berg i dagen med skrinn jord. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk i nærleiken av området, men kjem ikkje i konflikt med bustadområdet.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen



B6, Forland, om lag 49 daa.

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde.

Områdeskildring:

Beiteområde, noko skog og kratt, lynghei. Stor høgdeforskjell inne feltet med bratte skråningar.

Vurdering:

Dette er eit område med stort press. Vi har vore restriktive til nytt byggeland her. Vi vil ta vekk om lag 45 daa bustadareal på oppsida av stranda barneskule (bnr. 136). Tilsvarande stort areal kan leggast inn som nytt bustadareal her. Det er vanskeleg å legge inn meir bustadareal i Lauvåsen fordi område kan kome i konflikt med ny veg. Derfor vert nytt bustadområde lagt langs austefjordvegen. Vi må ta særskilt omsyn til planlagt ny Fylkesveg.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 49 daa. Arealet består av noko skog, kratt og lynghei. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk i nærleiken av området, men bustadområdet er ikkje i konflikt med hjortetråkken.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Beiteland.



B10, Glesnes, om lag 33 daa Noverande arealbruk:

LNF område for spreidd bustadbygging.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde.

Områdeskildring:

Tidlegare beiteområde, kystlynghei, prega av attgroing.

Vurdering:

Område ligg i dag som LNF område for spreidd

utbygging. Vi legg område som grensar mot eksisterande bustadområde inn som nytt/utvida bustadområde. Infrastruktur ligg på plass, og dette er eit kystrom som tåler fortetting.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.


Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 33 daa. Arealet består av tidlegare beiteområde, kystlynghei som er prega av attgroing. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk om lag (minimum) 100 meter aust for området, men hjortetråkken vil ikkje verte råka av endringa.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen kjente.



B11, og B12,
Selstø, om lag 25 daa.
Noverande arealbruk:
LNF.
Framtidig arealbruk:
Bustadområde.
Områdeskildring:

Kystfuruskog, lynchei, berg opp i dagen, skrinn jord.

Vurdering:

Infrastrukturen i området på Selstø ligg til rette for vidare utvikling. Dette vil vere ein naturleg utviding av eksisterande byggefelt. Feltet må tilpassast landskapet, og området som er lagt ut som framtidig bustadområde er lagt slik at ein ikkje går inn i høgdedraget mot nord. Vi vurderer det slik at det trygt kan leggjast til rette for bustadbygging her utan at det kjem i konflikt med landskapsomsyn. Det vil bli stilt krav om regulering av bustadområdet.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som framtidig bustadområde er på om lag 25 daa. Arealet består av noko lynchei, berg opp i dagen og skrinn jord. I nærleiken av området ligg eit areal med kystfuruskogen, men bustadområdet kjem ikkje i konflikt med denne. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk som passerer rett aust for området. Vi vurderer det slik at bustadområdet ikkje får negativ konsekvens for hjortetråkken.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen kjende.



B13, Kårevik, om lag 49 daa.

Noverande arealbruk:

LNF.

Framtidig arealbruk:

Bustadområde.

Områdeskildring:

Lite vegetasjon, kratt, berg i dagen, gamal lynghei.

Vurdering:

Nytt bustadfelt vil vere ein grei fortetting i

grenda. Det vert stilt krav om regulering,. Ein bør ta omsyn til landskap og strandsona under reguleringa. For å ivareta landskapet bør ein unngå bustadbygg på sørsida av vatnet. Her må ein ta omsyn til småformene i landskapet på ein slik måte at ein ikkje får uheldig nærverknad.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 49 daa. Arealet består av lite vegetasjon, kratt, berg i dagen og gamal lynghei. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert er ikkje registrert noko hjortetråkk gjennom området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen kjente.

LNF OMRÅDE MED SPREIDD BUSTADBYGGING

- ❖ Det er foreslått å leggje inn om lag 133 daa nye LNF område der spreidd bustadbygging er tille i ny plan.

PRESENTASJON AV NYE LNF AREAL FOR SPREIDD BUSTADBYGGING

Gardsnummer og områdenavn	Framtidige daa	Namn
1 Tyssøy	3,72	1
4 Lerøy	1,39	2
9, 10 Børnes	5,63	3
14 Kleppe	9,99	4
17 Hummelsund	4,58	5
25 Toft	7,7	11
26, 27, 28 Steinsland og Hamre og Bakka	5,99	6
31 Kausland	3,08	7
34 Øvre Golta	10,98	8
36 Selstø	9,64	9
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	70,46	10
TOTALT	133,14	



**LNF spreidd 1, Tyssøy, om lag 3,7 daa
Noverande arealbruk:**

LNF område

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging

Områdeskildring:

Halve arealet er bygd med bustadhús, veg og hage. Resten er planta skog.

Vurdering:

Vi vurderer arealet som eit område der det er rom for fortetting.

Kommentar:

Vi ønskjer framleis å halde ubebygd areal i strandsona fri for allmenta, og det vert derfor trekt ein byggjegrense i kant med eksisterande utbygd areal.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området er på om lag 3,7 daa, og består av noko planta skog. Resten av arealet er alt utbygd. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsona.



LNF spreidd, Lerøy 2, om lag 1,4 daa Noverande arealbruk:

LNF kan område med kjerneområde landbruk

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging

Områdeskildring:

Område på Lerøy er prega av tradisjonell landbruksdrift, med gardshus og parsellar med beite og dyrka mark. Store delar av

område er etter ny vurdering sett av til omsynssone for landbruk. Der det er rom for fortetting er det lagt inn LNF område for spreidd bustadbygging. Det vert stilt krav om plassering og høgde for å ivareta omsyn til landskap.

Vurdering:

Lite areal som ligg omkransa av anna bebyggelse og veg.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 1,4 daa . Arealet består av svakt beiteland.

Det er registrert eit viktig viltområde for fugl her og området dekker heile Lerøy. Området som vert lagt ut til bustadbygging er relativt lite og grensar til eksisterande bustad/fritidsbustadområde. Tiltaket har etter vår vurdering liten konsekvens for viltområdet.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover dette. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Svakt beiteland.



LNF spreidd, Børnes 3, om lag 5,6 daa

Noverande arealbruk:

LNF område

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging

Områdeskildring:

Område grenser til eksisterande område for spreidd bustadbygging.

Vurdering:

Område er uproblematisk ut frå landskapsvurderingar, både når det gjeld natur, eksponering og topografi. Bygging vert avgrensa ved eksisterande bustadtomter på Børnestongen.


Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillede er på om lag 5,6 daa. Arealet består av lyng og beitegras, men er prega av gjengroing. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



LNF spreidd, Kleppe, 4, om lag 10 daa

Noverande arealbruk:

LNF område

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging.

Områdeskildring:

I området lengst sør finn ein attgrodd utmark med ruiner etter gamle skjeneflorar. Elles er området prega av attgrodd frukthage, kratt og skog. Nytt LNF for spreidd bustadbygging vil grense mot turområde og ein må sikre passasje gjennom dette arealet til turområda i nordvest. Område grenser mot byggeområde i vest og LNF kan område i sør.

Vurdering:

For å best mogeleg kunne ivareta stiar, gamle ruinar er dette området lagt inn som LNF område der spreidd bustadbygging er tillete heller enn til byggjeområde. I og med at området grensar mot eksisterande LNF-kan område, får vi ein meir samanhengande arealdisponering. På grunn av at landskapet er visuelt sårbart i høgda, vert byggjegrensa trekt eit stykke ned mot eksisterande bygg. Det må stillast krav til maks tillete kote for mønehøgd på nye tiltak i dette området.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.


Området som er planlagt som LNF område der spreidd bustadbygging er tillete, er på om lag 10 daa. Arealet består av kratt og skog og det ligg ein attgrodd frukthage i området. Lengst sør finn ein attgrodd utmark med ruiner etter gamle skjeneflorar. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ingen registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar her eller i tilgrensande område.

Det er registrert eit hjortetråkk gjennom området. Ved frådeling og søknad om byggjeløyve i området må ein vurderer dette opp mot hjortetråkket og sjå til at dette ikkje vert råka. Det må setjast av ein passasje i området slik at hjortetråkket kan opprethaldast.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ruinar av skjeneflor (kulturminne), og grensar til kulturmiljø, turterreng og visuelt sårbart landskap.



LNF Spreidd, Hummelsund 5, om lag 5 daa.

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging.

Områdeskildring:

Attgrodd, kratt og skog. Ligg i eit høgdedrag.

Delvis over innmark.

Vurdering:

Område er visuelt sårbart i høgdene. I tillegg ligg det ein passasje frå innmark og ut i utmarka aust i dette området.


Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 5 daa. Området strekker seg delvis over innmark men er elles prega av attgroing, kratt og skog. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Visuelt eksponert landskap. Delvis over innmark. Korridor mellom inn og utmark. Fare for å stenge sti mot turområde.



LNF Spreidd, Forland 6, om lag 30 daa.

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging

Områdeskildring:

Området består av berg i dagen, delvis trelaus vegetasjon, kratt og lynghei.

Vurdering:

Etter vurdering er det berre det område lengst nord som vert foreslått tatt inn som LNF med spreidd bustadbygging. Dette området ligg i samanheng med anna byggeområde. Resten av grunneigedommen vert LNF som det er i dag. Grunngjevinga for dette er at vi ikkje ønskjer å leggje bustadareal langt frå anna bygd areal. Området grensar mot omsynssone for landbruk. Det nye arealet er ikkje i stor grad eigna i landbruksproduksjon. Det må stillast krav om maks tillete kote for mønehøgd.


Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som bustadområde er på om lag 6 daa. Området består av berg i dagen, delvis trelaus vegetasjon, kratt og lynghei. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Punktering av urørt landskap. Synleg landskapsrygg, som ein ikkje må bryte gjennom. Ved etablering av tilkomst frå eksisterande LNF område for spreidd bustadbygging, må ein ta omsyn til landbruks- og kulturlandskapsareal.



LNF Spreidd, Kausland 7, om lag 3 daa

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging

Områdeskildring:

Beiteland med skrinn jord og berg opp i dagen.

Skoglaus vegetasjon. Lyng. Lite høgdedrag.

Grenser mot eksisterende LNF område med spreidd bustadbygging.

Vurdering:

Det ligg eit høgdedrag aust for dette området. Høgdeforskjell på 5 meter vil skjerme for eksponering mot aust og delvis mot sør. Ei utviding av eksisterande LNF område for spreidd bustadbygging vil etter vår vurdering ikkje føre med seg større terrenginngrep og heller ikkje verke dominerande i lende.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillete, er på om lag 3 daa.

Området består av noko beiteland med skrinn jord og berg opp i dagen, elles skoglaus vegetasjon og lyng. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Svakt beiteland. Mogleg konflikt med foreslått nytt industriområde på grunn av nær beliggenhet. ROS.



LNF Spreidd, Selstø 9, om lag 10 daa

Noverande arealbruk:

LNF område.

Framtidig arealbruk:

LNF område med

spreidd bustadbygging.

Områdeskildring:

Ujamn topografi, ein

del berg i dagen, busk- og trevegetasjon, llynghei, attgrodd utmark. Arealet grensar mot eksisterande LNF område med spreidd bustadbygging i nord, og mot LNF i sør. Det går ein tydeleg landskapsrygg sør for dette området.

Vurdering:

Det er ønskjeleg å halde område for spreidd bustadbygging nord for landskapsryggen. Landskapet toler noko fortetting her. Området sør for landskapsryggen er urørt og svært visuelt eksponert. Heilt i vestre del av området må ein stille krav om god landskapstilpassing og kotehøgd.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillete, er på om lag 10 daa. Området består av ujamn topografi, ein del berg i dagen, busk- og trevegetasjon, llynghøi, attgrodd utmark. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone, landskap.



LNF Spreidd, Sangolt 10, om lag 67 daa Noverande arealbruk:

LNF område

Framtidig arealbruk:

LNF område med spreidd bustadbygging.

Områdeskildring:

Noko kupert landskap med kratt og skogvegetasjon prega av attgroing. Området grensar mot LNF kan område i nordaust. Elles grensar området mot LNF

Vurdering:

Landskapet toler noko fortetting her.

Området er ikkje sårbart for visuell eksponering.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillete, er på om lag 10 daa. Området består av noko kupert landskap med kratt og skogvegetasjon prega av attgroing.. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Svakt beiteland, elles ingen kjende.



LNF, spreidd Toft 11, om lag 7,7 daa.

Noverande arealbruk:
LNF.

Framtidig arealbruk:
LNF område der spreidd bustadbygging er tillete.

Områdeskildring:
Skrinn jord, berg opp i

dagen, lite vegetasjon.

Vurdering:

I ein enkelsak kom det frem at grunneigar ønskjer å ta vare på landbruksarealet som går nedover mot Kalvbakken. Deler av dette området ligg i gjeldande plan som LNF område for spreidd bustadbygging. Det område som er merka av på kartet her ligg i LNF område. Grunneigar fekk dispensere frå LNF område og kommunen vil etter grunneigars ønske ta omsyn til den dyrka marka ned mot Kalvbakken. I samsvar med strategi for framtidig arealforvaltning vil arbeidsgruppa legge dyrka mark inn som omsynssone landbruk og legge bustadområde på knatten der det ikkje kjem i konflikt med landbruk, natur- el friluftsliv.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillete, er på om lag 11 daa. Området består av skrinn jord, berg opp i dagen, lite vegetasjon. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Området er noko utsett for vind, jf ROS analyse.

LNF, spreidd Bakke 12, om lag

6 daa.

Noverande arealbruk:

LNF.

Framtidig arealbruk:

LNF område der spreidd bustadbygging er tillede.

Områdeskildring:

Planteskog.



Vurdering:

Landskapet toler fortetting her. Området er ikke sårbart for visuell eksponering. Området er ei mindre utviding av eksisterande spreidd bustadområde på Steinsland.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd bustadbygging er tillede, er på om lag 6 daa.

Området består av skrinn jord, berg opp i dagen, lite vegetasjon. Vi har ikke kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikke registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Ingen kjende.

OMRÅDER FOR NAUST

Sund kommune har foreslått å endre eksisterande naustareal i ny kommuneplan. Lengda på sjøareal for naust er ikkje vesentleg endra. Det er fyst og fremst område oppover på land som er endra. Der eigedomsgrensa for naustparsellen er kjent, er kjent er desse i stor grad nytta som grenser for naustareal. Som eit resultat av dette er naustareal i kommunen redusert med om lag 42 daa.

Sund kommune har foreslått å leggje inn 16 nye områder for naust. Dette utgjer om lag 21 daa til saman. På grunn av nye teiknereglar etter ny plan og bygningslov går den gamle arealkategorien ut, og alle naustområda i kommunen vert omdefinert. Det er derfor lagt inn om lag 20 område med arealkategorien "Andre typer bebyggelse og anlegg med krav om regulering, naust". Det er lagt inn om lag 39 naustområde med arealkategorien "LNF område for spreidd bustad –fritids eller næringsbebyggelse mv".

Totalt er det med gamle og nye om lag 59 områder for naust i ny kommuneplan.

PRESENTASJON AV NYE OMRÅDER FOR NAUST

Gardsnummer og områdenavn	Framtidige dåa	Namn
4 Lerøy	0,56	N1
5, 6, 7, 8 Sund Prestegård, Nygård, Børnesvåg, Nedre Børnes	0,25	N2
9, 10 Børnes	1,94	N3
9, 10 Børnes	3,09	N4
11 Førdestraumen	0,16	N5
12 Høyland	1,30	N6
15 Forland	4,45	N7
15 Forland	0,22	N7
15 Forland	0,14	N7
15 Forland	0,49	N8
21 Tyrnevik	1,16	N9
21 Tyrnevik	0,09	N10
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	0,14	N12
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	0,18	N13
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	2,29	N14
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	0,05	N15
46, 47, 48, 49 Dommedal, lille Sangolt, Sangolt, Skaga	0,13	N16
TOTALT AREAL	20,67	



N1, Lerøy, Areal 0,5

Noverande arealbruk:

Bustadområde og område for fritidsbustad.

Framtidig arealbruk:

Andre typar bebyggelse og anlegg med krav om regulering, naust.

Områdeskildring:

Område ligg mellom eksisterande naust, og nær etablert naustmiljø.

Vurdering:

Gruppa er positiv til fortetting i eksisterande naustområde i Littlelarken. Når det gjeld naust på vestsida av Lerøy vert dette ivaretakte i reguleringsplan for området som er under utarbeidning.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillete, er på om lag 0,5 daa.

Område ligg mellom eksisterande naust, og nær etablert naustmiljø.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.

N3, Børnes, areal 1,9 daa

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

LNF område med høve til spreidd naustbygging.

Områdeskildring:

Område ligg mellom to eksisterande naust, planerte nausttomter og flytebrygger.

Vurdering:

Arbeidsgruppa er positiv til å legge inn naustområde og båthamn her. Område kan vere eit aktuelt område der bebuaren i på Klokkarvik om omegn kan få tilgang til båtplass. Flytebryggjer må leggjast så langt nord som mogeleg.



Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillede, er på om lag 1,9 daa. Område ligg mellom to eksisterande naust, planerte nausttomter og flytebrygger. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N5, Førdestraumen, areal 0,1 daa

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

Andre typar bebyggelse og anlegg med krav om regulering, naust

Områdeskildring:

Landskap med berg og vegetasjon. Strandsone i frilufts og naturområde.

Vurdering:

Grunneigar ønskjer å utvide eksisterande naustareal. Grenser mot anna byggeområde for

naust. Område i sin heilskap vert lagt ut som anna type bebyggelse og anlegg med krav om regulering. Arbeidsgruppa ser ikkje konfliktar i høve til dette.

ligg mellom to eksisterande naust, planerte nausttomter og flytebrygger.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillede, er på om lag 0,1 daa. Landskapet i området består av berg og vegetasjon.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone, natur og friluftsliv.



N8, Forland, areal 0,5

Noverande arealbruk:

LNF kan område.

Framtidig arealbruk:

Anna type bebyggelse og anlegg med krav om regulering, naust

Områdeskildring:

Natur og friluftsområde. Strandsone.

Svaberg og vegetasjon. Område grenser mot eksisterande naustområde og er etablert med naust.

Vurdering:

Det er ønskje å utvide naustområde litt mot sør/aust. Det ligg nokre eksisterande naust her. Om vi trekker grensa mot det siste naustet i sør, kjem utvidinga ikkje i konflikt med dei fine svaberga.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillete, er på om lag 0,5 daa.

Landskapet i området består av svaberg og vegetasjon.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N9, Tyrnevik, areal 1,2

N10, Tyrnevik, areal 95m²

Noverande arealbruk:

LNF og LNF kan område.

Framtidig arealbruk:

LNF område der spreidd naustbygging er tillete.

Områdeskildring:

Område ligg i ein vik med eksisterande naustbygg, kai, svaberg og noko vegetasjon.

Vurdering:

Her kan ein omdefinere LNF kan område til naustområde langs sjökanten, då sjökanten er meir egnar til naust enn til bustadbygg. Arbeidsgruppa ønskjer å utvide naustområde mot aust i vika med eit lite areal som grenser mot eksisterande naustbygg.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Områda som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillete, er på om lag 1,2 daa og 95 m². Landskapet i området består av svaberg og noko vegetasjon.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N12, Skaga, areal 2,3 daa

Noverande arealbruk:

LNF

Fratidig arealbruk:

LNF område der spreidd naustbygging er tillete.

Områdeskildring:

Område ligg mellom eksisterande naustområde, med naustbygg og industriområde og består av berg og vegetasjon. Område er bratt.

Vurdering:

Arbeidsgruppa ønskjer å legge inn naustområde mellom industriområde og eksisterande naust i sør. Vi ser ikkje at dette kan kome i konflikt med friluftsliv, eller reguleringsplanen til Skaganeset eller anna.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillete, er på om lag 2,3 daa. Landskapet i området består av skog og kratt.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N13, Skaga, areal 1,8

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

LNF område for spreidd naustbygging.

Områdeskildring:

Det står oppført eit naust på denne eigedommen. Eigedommen ligg elles i utilgjengeleg og område rundt er urørt landskap.

Vurdering:

Det står eit naust på tomta i dag og grunneigar ønskjer at grunnen under eksisterande naust skal vere eit naustområde. Kommunen må tenkje på om vi ønskjer å ha naustområde her i framtida. Område er ligg nærmest utilgjengeleg i dag. Arbeidsgruppa ønskjer å etterkomme dette innspelet.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillede, er på om lag 1,8 daa. Landskapet i området består av svaberg og vegetasjon. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N14, Skaga (Hope), areal 0,14 daa

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

LNF område der spreidd naustbygging er tillede.

Områdeskildring:

Utbygga strandsone med kai, hytte, gammal nausttomt. Kratt og skogvegetasjon.

Vurdering:

Eit naust her vil ikkje vere synleg frå område rundt.

Eit naust her vil ligge fint i terrenget ved eksisterande hytte. Tomta har vore nausttomt frå gammalt av.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillede, er på om lag 0,14 daa. Landskapet i området består av kratt og skogvegetasjon, utbygd strandsone med kai og hytte.

Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone.



N15, Skaga, areal 0,05

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

LNF område der spreidd naustbygging er tilleite.

Områdeskildring:

Utbygga strandsone med kai og naustbygg.

Vurdering:

Arbeidsgruppa foreslår utviding av eksisterande naustområde. Det ligg eksisterande naust her. Om vi trekker grensa mot det siste naustet i sør vert ikkje dei fine svaberga råka.

Her må det takast omsyn til funn frå naturbasen. Då området er ein del av Kvalvågen bør ein ha eit særskilt fokus på plassering og utforming av nausta.

Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tilleite, er på om lag 0,05 daa. Området består av utbygd strandsone med kai og naust. Det er gjort naturbaseregistreringar i området bak naustområdet, men tiltaket kjem ikkje i konflikt med desse. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i direkte konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone. Naturbaseregistreringar bak naustområda.

N16, Skaga, areal 0,13 nord.

Noverande arealbruk:

LNF

Framtidig arealbruk:

LNF område der spreidd naustbygging er tillete.

Områdeskildring:

Urørt landskap med svaberg og vegetasjon.

Vurdering:

Gruppa opnar fleire naust i Kvalvågen. Då området er ein del av Kvalvågen bør ein ha eit særskilt fokus på plassering og utforming av nausta.



Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7.

Området som er planlagt som LNF der spreidd naustbygging er tillete, er på om lag 0,13 daa.

Området består av urørt landskap med svaberg og vegetasjon. Det er gjort naturbaseregistreringar i området bak naustområdet, men tiltaket kjem ikkje i konflikt med desse. Vi har ikkje kartlagt noko særskild fauna utover det som er normalt i slike område. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området.

Endringa er etter vår vurdering ikkje i direkte konflikt med kjente naturverdiar, jf. forskrift med forslag til utvalde naturtypar og prioriterte artar.

Konflikt med andre målsettingar:

Strandsone. Naturbaseregistreringar.